

GAMLE BYVEG

Turtype: Fottur

Sesong: Barmark

Lengde: 16 km (Kyrkjebygd-Sveindal)

Høgdeskilnad: 300 m

Parkering: Ved banken i Kyrkjebygd




Gamle byvegen eller bygdeheivegen var den fyrste dalevegen i Mandalen. Denne blei etablert i åra 1837-1842 og var i bruk fram til 1879). Denne turen går i skog og åpen fjellskog i dei høgaste partia. Stien er rydda og godt merka heile vegen frå Kyrkjebygd til Sveindal.

Turen startar i Grokleiv (270 moh). Det er ein del stigning i starten av turen, elles er det småkupert og greitt å gå. Høgaste punkt er Katteråstjønna litt nord for Vormelid (500 moh). Turen frå Kyrkjebygd sentrum til Vormelid er 7,7 km. Turen vidare sørover frå Vormelid til Sveindal (200 moh) er 8,2 km. Du finn mange kulturminner langs gamle byveg, mellom anna gamle bruer og varp.



Varp



VARP

Det einaste godt bevarte varpet i tidlegare Vest-Agder ligg ved gamle byveg mellom Kyrkjebygd og Vormelid. Her blei ein mann funnen død i 1856. Teksten nedanfor er henta frå «Gamle veger i Vest-Agder». Forfattar er Torfinn Normann Hageland.

«*Dei fleste varpi i Vest-Agder er truleg gamle; men me hev nokre frå seinare tid òg. Det nyaste varpet folk veit um, ligg ved den gamle vegen yver Bygdeheii i Åseral. I 1856 kom det ein mann av dage her, so la dei som fór framun, upp varp. Dei kasta på det heilt til den nye vegen kom i 1870-åri. Han som kom av dage der, heitte Lars Knutsson Handeland. Han skulle til kyrkja og hadde fylgje med tvo andre. Ein fjorde mann som kom etter, fann han liggjande utan samling i ei kleiv dei kallar Hestesprengen. Han vart køyrd på ein slede ned til bygdi, der han døydde. Dokter vart henta, og det vart forhøyr; men dei som han hadde hatt fylgje med, visste ikkje noko. Han hadde vorte baketter, sa dei, og dei tenkte ikkje noko vidare ved det. Det vart helst til at han hadde falle og slege seg. Ved Hestesprengen, der han vart funnen, ligg Varpet.»*